



Sak nr 59/2008

Møtedato: 12.11.08

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr:

## Søknad om allbruksløype frå Vaset til S.Syndin

Valdresfjella v/Inger Hovengen søker om ei allbruksløype frå Vaset til Sørre Syndin. Allbruksløype skal kunne brukast av både skiløparar og hundekjørarar. Søkjaren opplyser at Vasetløypene skal vera ansvarleg for oppkjøring av løypa. Løypa er ikkje nøyaktig plassert på kartet, men skal kjørast opp med GPS for korrekt plassering. Vedlagt kart syner m.a. at løypa går over stølsjorde på Røvsalin.

Motorkjøretøy på vinterføre kan nyttas til opparbeiding og preparering av skiløyper og skibakkar for allmennheita og for konkurransar, når det blir utført av kommunar, hjelpekorps, idrettslag, turlag eller turistbedrifter. Det er då ikkje krav om kommunalt løyve, og grunneigar bestemmer om ei slik løype kan godkjennast og på kva vilkår. Fjellstyret har fått oversendt søknaden til uttale frå Statskog.

Behovet for oppkjøring av slik allbruksløype krev ikkje det same omfang med preparering som ei vanleg skiløype. Det som er viktig er at det blir laga ein solid sole og at det blir preparert etter større snøfall. Omfanget av motorisert ferdsel må derfor kunne avgrensast til ei minimum.

Ved kontakt med Vasetløypene v/Harald Lasskogen opplyste han at dei ikkje skulle stå for kjøringa. Dette skal berre skje i namnet til Vasetløypene, men dei ikkje skal stå for det praktiske arbeidet med preparering. Det må vera klargjort kven som skal stå for dette arbeidet før det blir gjeve løyve, og Statskog må godkjenne dei som skal stå for det praktiske arbeidet med løypepreparering. Eit løyve frå Statskog kan berre omfate oppkjøring av løype, eventuell transport av personar eller utstyr kan ikkje omfattast av avtalen.

Raymond Solberg opplyste pr telefon den 7.nov at Hovengen har avtale om lavoleir på stølen til Ove Bergheim på Røvsalin. Her skal det vera ordna med toalettlysing. Hovengen har i samtale med Solberg opplyst at hundespenna er tenkt å starte opp frå Vasetstølen. Statskog ber fjellstyret også ta stilling til lavoleir og startspunkt.

Løypa må vera open for alle som vil drive hundekjøring. Hovengen opplyser at dei sjølve skal ha opp til 15 hundespenn. Med andre lokale og tilreisande hundekjørarar, kan det bli mange hundespenn. Det planlagde startområde ligg ved utfartspunkt for skiløypene på Vaset. Dette kan føre til konflikt med andre brukarinteresser. Om dette skal vera eit tiltak ut over denne vinteren, er det nødvendig at det blir etablert eit nytt startområde utanom sentrum på Vaset. Startområde bør vera lett tilgjengeleg med bil og ha god parkering.

## Vedtak:

Fjellstyret ser positivt på tiltaket og kan tilråda søknaden på følgjande vilkår:

- Løyvet må vera ei prøveordning for vintersesongen 2008/2009.
- Løypa må vera open for alle.
- Startområde må vera utanfor sentrum på Vaset for å unngå konflikt med andre brukarinteresser. For denne vinteren bør gamal grusgruve 400 meter nordvest for bommen ved snøproduksjonsanlegget kunne brukast. Ved eventuell avtale seinare, må det etablerast eit nytt startpunkt utanom sentrum. Området må vera lett tilgjengeleg med bil og ha tilstrekkeleg parkering.
- På vilkår av at det løyving for toalett og søppel, har fjellstyret ingen merknader til lavoleir på stølen til Ove Bergheim.
- Det må ryddast etter kvar tur.
- Løypa skal gå utanom stølsjorder eller andre inngjerdingar. Endeleg uttale til plassering av løypa må utstå til det er lagt fram kart der løype er teikna rett inn.
- Løyve må vera avgrensa til preparering av spor og det skal presiserast at det ikkje er tillete med transport av personar, utstyr mm. Bruk av snøskuter skal avgrensast til eit minimum.
- Det er ikkje opplyst kven som skal står for den praktiske oppkjøring av løypa, og melding om dette skal oversendast Statskog til godkjenning.
- Ved brot på vilkåra blir løyvet inndrege.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 14.11.08

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Statskog, Valdresfjella, Ove Bergheim